

Øksnesmarka 15.10.2022

Dei fleste distriktskommunane i landet vil få store demografiutfordringar dei neste ti-åra. Det er ei kjennsgjerning. Med god planlegging kan og skal Austrheim kommune unngå slike utfordringar. Det er det som er den politiske jobben i åra som kjem. Men for å få dette til, må me leggja til rette for ei god næringsutvikling i kommunen og regionen. Det ansvaret tek me i Austrheim Arbeidarparti på høgste alvor, me vil skapa ein livskraftig og framtidsretta kommune med gode og kortreiste arbeidsplassar.

28.05.1968 kjøpte Austrheim kommune gard nr. 161, bruk nr. 7 på Øksnes. Noko av garden vart lagt ut til bustadomter, noko vart nytta til båthamn, skyssbåtkai, naust- og garasjeføremål for beboarane i Øyane, mens andre delar vart overført til Bergen og Omland Friluftsråd, BOF, som nytta arealet til friluftsområde. Området ligg i nærleiken av Øksnes kai og vert karakterisert som eit godt tilgjengeleg tur- og badeområdet med teltplass og fasilitetar som gjer det godt eigna til friluftsaktivitetar, padling og fiske.

Ein stor del av utmarksområdet til den kjøpte garden, sette kommunen av til næringsføremål. Dette utmarksområdet ligg i den såkalla Øksnesmarka. I kommuneplanane som vart laga vart også andre eigedommar i denne delen av Øksnesmarka sett av til næring. Opp gjennom tidene har det vore lansert ulike planar for næringsaktivitet i området. Mest kjent er vel planane om å nytta området til røyr-base i samband med oljeindustrien. Etter at Mastrevik Mekaniske Verkstad som dreiv med skipsreparasjonar, vart sperra inne av bruer, vart det også lansert planar om å flytta denne verksemda til Øksnesmarka, utan at desse planane vart realiserte. Sjølv med skiftande politisk samansetning har kommunestyra i Austrheim heilt sidan kjøpet av garden i 1968, valt å behalda delar av Øksnesmarka som næringsareal.

Politikarar er samfunnsutviklarar. Skal ein driva med god og berekraftig samfunnsutvikling, er ein avhengig av eit godt og framtidsretta næringsliv. I Austrheim Arbeidarparti sitt partiprogram for perioden 2019 – 2023 seier me det klårt og tydeleg på side 1 at kommunen og fylkeskommunen er sentrale utviklingsaktørar som har ansvar for arealplanlegging som skal bidra til næringsutvikling og til å skapa livskraftige regionar for busetnad og arbeidsmarknad.

Med bakgrunn i dette har Austrheim Arbeidarparti i lang tid jobba aktivt for å få laga regulerings- og områdeplanar i kommunen. Dette har resultert i at me i dag stolt kan seia at dersom det er nokon som vil etablera seg i vår kommune med bustadar eller næringsverksemder, så vil det berre ta veker frå dei leverer søknad om dette til kommunen, før dei kan setja spaden i jorda. Føresetnaden er sjølvsagt at dei held seg innanfor retningslinjene og føreseggnene som er sett for det aktuelle planområdet dei vil byggja på.

Det at me har klargjort areal både til nærings- og bustadføremål, samt nærleiken til Knarvik og Bergen, med ny veg over Radøy under bygging, trur me er hovudårsaka til at SSB spår at Austrheim kommune er den kommunen i Vestland fylke som vil få størst prosentvis folkeauke fram mot 2050.


Tilbake til Øksnesmarka. Eg aksepterer fullt ut at det er ulike syn på kva dette området skal nyttast til i framtida. Eg har stor respekt for at andre ikkje deler mitt standpunkt i denne saka, men eg må be mine motstandarar om ein ting, gjer vel og hald dykk til fakta. De må gjerne argumentera sterkt for dykkar syn, men bruk ikkje argument som ikkje har rot i verkelegheita. Det tener ikkje saka i det

heile. For meg er det avgjerande at argument er basert på fakta. Eg håpar inderleg at me i den vidare debatten om Øksnesmarka, kan gjera nettopp det.

I lesarinnlegg etter lesarinnlegg kjem det påstandar som ligg langt unna sanninga. Nokre av desse påstandane kjem frå personar som har inngående kjennskap til kva krav og prosessar som vil liggja i føresegne for eit område som Øksnesmarka. Det gjer denne saka ekstra alvorleg.

Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen og påstandar om at området skal bli eit steinbrot med boring, sprenging og steinknusing i ti-år frametter er mellom dei påstandane dei som er mot næringsområdet i Øksnesmarka har nytta. Alle forstår at det aldri vil bli noko steinbrot i Øksnesmarka, men ein slik påstand passar svært godt inn i motstandarane sin retorikk. Avisbilda frå området har også vore svært missvisande og villeiande. Kven det er som har valt ut desse veit eg ikkje, men næringsområdet kjem ikkje i berøring med dei fine vågane i nordvest eller tjørna søraust i marka.

Bildet under viser arealet som er sett av til næringsføremål i Øksnesmarka:



Det er ingen som går inn for ei rasering av Øksnesmarka. Utbygging av eit næringsområde er i dag strengt regulert av kommunale- fylkeskommunale- og statlege styresmakter. Før ein kan gå i gang med å laga ein reguleringsplan for eit slikt område, må det lagast eit planprogram. Det er dette planprogrammet som no har vore ute på høyring. Alle kan gje innspel til eit slikt planprogram og desse innspela skal først behandlast administrativ og deretter opp til politisk behandling i kommunen.

Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ og behov for utgreiingar. Når planprogrammet er godkjent, skal det utarbeidast ein reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området.

Reguleringsplanen skal også ut på offentleg høyring og igjen kan alle, både privatpersonar, lag og organisasjonar, grunneigarar og offentlege instansar koma med kommentarar og innspel til planen. Forslaga og innspela vert så behandla administrativt før planen kjem opp til politisk behandling. Er forslaga av ein slik karakter at det endelige planutkastet er vesentleg endra i forhold til det som vart lagt ut på offentleg høyring, må det til ein ny høyringsrunde. Som alle forstår, så er både den administrative og politiske prosessen svært omfattande før det vert gjort vedtak om løye til ei eventuell næringsutbygging.


Føremålet med planarbeidet for næringsområdet i Øksnesmarka er å nytta området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, der avfallsprodukta saman med husdyrgjødsel skal nyttast til produksjon av biodrivstoff, gjødsel og jord.

Olje og gassnæringa er den viktigaste næringa i Norge i dag. Med dei klima og miljøutfordringane verda har per i dag, veit alle at vår hovudnæring vil møta store utfordringar i åra som kjem.

Den nest viktigaste næringa vår er den marine, der oppdrettsnæringa står for meir enn 60% av verdiskapinga. Denne næringa er heller ikkje berekraftig i dag. Lakselus gjer at varsellampane blinkar raudt i heile Vestland fylke. Biomassen i anlegga i fylket må reduserast med 6% i år for å prøva og få bukt med luseproblemet.

Eg ønskjer meg ei sterk og veksande havbruksnæring i framtida, men då må dei ha anlegg og produksjonsmetodar som ikkje skadar naturen og miljøet. For å førebu oss på endringane som vil koma innan olje- og gasssektoren har Austrheim kommune kjøpt og regulert eit stort næringsområde ved Mongstad-krysset. For å leggja til rette for ei berekraftig havbruksnæring, valde me å behalda Øksnesmarka som næringsområde i den nye kommuneplanen. Før me gjorde det valet, hadde me fått innspel frå fleire kompetente fagmiljø om at Øksnesmarka, med sin inntil 200 meter djupe os utanfor, var eit av dei beste områda til produksjon av ulike marine artar i det dåverande Hordaland fylke. For å koma natur- og friluftsinteressene i møte, reduserte me planområdet frå nesten tusen dekar, til 550 dekar, der om lag 10% av dette er sjøareal.

Bilda under viser næringsarealet før og etter vedtaket i 2019:



Til sist vil eg visa til påstanden om at Øksnesmarka skal vera eit av få tyngdepunkt for den truga sommarfuglen breibandspraktvikler si utbreiing i Norge. Denne leve av Primula-artar, mellom anna kusymre. 8. juni 2021 gjennomførte to av Norconsult sine medarbeidrarar med naturfagleg kompetanse, synfaring i næringsområdet i Øksnesmarka og kusymre vart ikkje registrert i planområdet.

Under ser de eit bilde av den aktuelle sommarfuglen.



Mine innspel til utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune i sak PS 15/2018 i februar 2018:

Næringsområde: Austrheim er ein kommune med eit svært einsidig næringsliv. Mange arbeider innan olje- og gassnæringa, noko som har gitt kommunen høge skatteinntekter i gode tider, men som ved kriser i næringa har gitt kommunen store utfordringar med høg arbeidsløyse og høge sosiale kostnader. Sidan krisa i oljenæringa i 2014 har Austrheim kommune vore på topp i fylket når det gjeld talet på arbeidslause, for tida utgjer dette 4,9% av arbeidsstokken. Kommunen har lenge jobba med å tiltrekka seg fleire verksemder og kommunen har lagt ut næringsareal både i Mongstad-krysset og i Øksnesmarka. I begge

desse områda har kommunen aktivt kjøpt opp areal som har vore tenkt nytta til næringsføremål. I Mongstad-krysset ønskjer kommunen at næringar knytt til olje- og gassverksemda etablerer seg, mens ein ser for seg at marine næringar etablerer seg i Øksnesmarka. Øksnesmarka har vore eit næringssareal i meir enn 30 år, men så langt er det ingen som har ønska og etablert seg i dette området. Dette er i ferd med å endra seg. Tidlegare har marine næringar konsentrert sine aktivitetar i sjøområde, mens ein i den seinare tid ser at fleire og fleire legg planar for landbaserte aktivitetar. Fleire aktørar innan marin sektor har dei siste åra teke kontakt med kommunen med spørsmål om næringssarealet på Øksnes. Tilbakemeldingane kommunen har fått på forslaget frå administrasjonen om å gjera næringssarealet i Øksnesmarka om frå næringssområde til LNF-området, har vore svært negative.

Austrheim kommune ønskjer å følgja råda frå næringslivet og vil oppretthalda Øksnesmarka som næringssareal. Med dette standpunktet meiner me også at me legg til rette for å følgja fylkeskommunen og Bergens-området sine strategiar om å leggja til rette for næringssutvikling innan dei områda som fell naturleg for regionen. For vår del vil dette vera petroleumsnæringa og den marine næringa.

I saksutgreiinga vert det lagt vekt på friluftsliv, biologisk mangfald og kulturminne når det gjeld bevaring av Øksnesmarka. Når det gjeld friluftsliv så kan dette dyrkast i marka sjølv om deler av denne vert nytta til næring. Ingen av dagens turstiar ligg i det området som kommunen ønskjer å ta i bruk til næringssområde. I Austrheim kommune har me etter kvart mange turstiar og stiane i Øksnesmarka er langt frå dei mest populære, men gjennom ei næringssutvikling i området kan me leggja til rette for at fleire kan ta marka i bruk til friluftsføremål.

I Austrheim har me ei kystlinje på 433 km. Ein del av denne er svært flott og mykje nytta til friluftsføremål, men det er også delar av strandsona som er ugjestmild og lite attraktiv. Strandsona i den delen av Øksnesmarka som er tenkt nytta til næringssområde, er lite tilgjengeleg og ikkje naturleg å bruka for båtfolk.

Når det gjeld biologisk mangfald så viser utbygginga av oljeraffineriet på Mongstad at dette faktisk kan gå hand i hand med tungindustri. Me viser her til filmen «Det frivillige reservatet» av Magne Sleire, som dokumenterer eit yrande dyre, fugle, insekt og planteliv innanfor gjerdet på Statoil Mongstad etter meir enn 30 år med tungindustri. Prøvar tekne av hjort som beitar på området har vist at denne er i svært godt hald og at kjøtet er godt eigna til menneskeføde. Det er med andre ord fullt mogeleg å driva næring og samstundes ta vare på det biologiske mangfaldet.

Det er ikkje mange kulturminne i Øksnesmarka og særleg ikkje i det området som er tenkt nytta til næring. Det ein ser er nokre restar etter torv-hus som følge av at det vart teke torv i myrane inntil for 70 år sidan. Trekkjer me parallellar til Øygarden, kan me som det vart gjort der under Kolsnes-utbygginga, stilla krav til utbyggjarar i Øksnesmarka om at nokre av

torvhusa i marka skal setjast i stand att. Det er truleg den einaste måten desse kulturminna kan sikrast. Til no har verken kommune, fylkeskommune, grunneigarar eller lag og organisasjonar som no står på vernesida, brydd seg om desse kulturminna.

Austrheim kommune ønskjer å oppretthalda næringsområdet i Øksnesmarka. Gjennom gode reguleringsplanar for området vil kommunen sjå til at alle interessegrupper vert ivaretekne.

Beste helsing Per Lerøy

Ordførar og samfunnsutviklar.